

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 13.03.2019**

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit  
– Ågotnes legg opp til ei dimensjonering av veg- og kryssløysingar som står i forhold til den vekst og utvikling som kan kome i regionen i forbindelse med etableringa av ny godshamn for Bergensregionen.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje tar opp i seg at det er vedtatt å etablera ny hamn i hamneområdet. Utvalet vil difor støtte framlegg til reguleringsplan i den form den er presentert.
3. I og med at dette er ein parallel veg er det ikkje behov for gang- og sykkelveg da dette blir dekkja av alternativ eksisterande veg.
4. Det er viktig å understreke at ein regulering av 4 felts veg gir ein fleksibilitet i høve til dimensjonering og at det allikevel kan byggjast ein tofeltsveg dersom det er det som vert det framtidige behovet.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at reguleringsplanen set av nok areal til ein eventuell framtidig firefelts veg, og at det detaljregulerast for tofeltsveg.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling med 9 røyster (A, Sp, SV, MDG, V) mot 6 røyster (KrF, H, Frp) for Byrknes sitt forslag, som fall. Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling.

### **Innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vurderer at framlegg til reguleringsplan for fv 561 Kolltveit  
– Ågotnes legg opp til ein dimensjonering av veg- og kryssløysingar som medfører unødig kostnader og som ikkje er i tråd med arbeidet for nullvekstmålet.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at vedtaket som blei fatta i Fylkesutvalet den 23.06.2016 ikkje er følgt opp. Grunna manglande utgreiing av 2-felts veg og plankryssing ved Ågotnes sør kan ikkje utvalet sjå at alternativa knytt til vegløysingar er tilstrekkeleg opplyst.

Føresegna § 6.1 må endrast slik: Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur som svarer til fylkeskommunen sitt vedtak. Det er knytt motsegn til dette punktet.

3. Det er positivt at det vert tilrettelagt for ny gang- og sykkelveg på Kolltveit og Ågotnes, og kryssingspunkt med eksisterande vegar. Planen er likevel ikkje tydeleg på at det er lagt til rette for gjennomgåande gang- og sykkelveg som ei heilskapleg løysing, slik fylkesutvalet har som føresetnad i sitt vedtak. Dette må synleggjera i det vidare planarbeidet.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling legg til grunn at reguleringsplanen set av nok areal til ein eventuell framtidig firefelts veg, og at det detaljregulerast for tofeltsveg.